



Vegard Døssland i samspel med pianisten Ingrid Andsnes under konserten i Fjelberg kyrkje i fjor.

**I fjor deltok trompetisten Vegard Døssland under kyrkjekonserten i samband med Øydagane på Fjelberg. Då spela han m.a. saman med stjernepianisten Ingrid Andsnes som denne sommaren vitjar Baroniet med to konsertar. Også i år er Vegard på plakaten under Øydagane. Denne gongen skal han spela i ein særdeles spennande kvintett.**

Det er breidde og kvalitet når festivalgeneral Arve Fosse presenterer programmet for årets festival Øydagane som går over 3 dagar frå 10. til 12.juli. Her vert det kokkekamp, kunstutstilling, kassabilløp, ulike konsertar og mykje meir. Det ligg både kreativitet, tradisjon og variasjon i det imponerande programmet.

Når det gjeld musikkdelen har nok festivalgeneralen stor nytte av det store kontaktnettet han har opparbeidd med bakgrunnen sin som tidlegare kulturskulerektor og korpsdirigent på høgt nivå. Også i år kjem han opp med spennande nyskapingar. Det vert m.a. storkonsert på fjordbasen på festivalsøndagen.

På denne konserten skal Vegard Døssland spela klassisk musikk saman med 4 musikarar frå Bergen filharmoniske orkester. Den islandske vokalisten Asta Olavsdottir vert også med. Det vert nok ei kjekk utfordring for unguten.

I tilknyning til konserten vert det også gudsteneste ved presten Erle Lorentzen, og for å setja ein ekstra spiss på salmesongen har arrangørane hyrt inn 4 profesjonelle songarar frå Bergen.

Vegard Døssland er snart ferdig med første året som ingeniørstudent i hovudstaden. Sjølv om han no er heiltidsstudent, er det stor aktivitet på musikkfronten. Såleis er Oslo ein perfekt plass, og han har fått erfaring med ulike grupper innan vidt forskjellige musikksjangrar. Han har fått spela med mange dyktige musikarar. Einaste problemet er nok tida, og han må derfor sei frå seg ein del tilbod som hadde vore kjekke å få med seg. Siste par vekene har han måtta takka nei til to kjekke oppdrag her heime i Kvinnherad samt tilbod om spelinger både i Lofoten og Molde.

Han er framleis aktiv i elitekorpset Jaren HMF der han siste tida har hatt den krevjande funksjonen som principal-kornettist, og dermed leiar av kornettgruppa.

Trass i stor musikkaktivitet har no studiane førsteprioritet, og no ser han nok fram til ferie og den spennande utfordringa under Øydagane på Fjelberg.



[Arve Fosse deler ut blomar til aktørane under kyrkjekonserten i fjor.](#)

Tekst, arkivfoto og nett: Thor Inge Døssland